

**Til faste medlemmer av kontrollutvalet i Osterøy kommune, ordfører og revisor (Vestlandsrevisjon IKS)**

Kopi: Varamedlem, kommunedirektør, økonomisjef, postmottak

**Innkalling til møte i kontrollutvalet i Osterøy kommune****Møtedato:** 05.09.2023, kl. 12.00 – ca. 15.30**Møtestad:** Heradsstyresalen, kommunehuset**Sakliste:**

| Saksnr. | Tittel  | Vedlegg |
|---------|---|---------|
| 23/23   | Godkjenning av innkalling og sakliste   |         |
| 24/23   | Godkjenning av møteprotokoll frå møtet i kontrollutvalet 30.05.2023   | 1       |
| 25/23   | Meldingar   |         |
|         | a. Henvending: Melding om mulig ulovlig bygging og sammenblanding av roller   | 2       |
|         | b. Sekretariatet sitt svar: Melding om mulig ulovlig bygging og sammenblanding av roller  | 3       |
|         | c. Årsmelding og årsrekneskapen 2022 godkjent i heradsstyret  |         |
|         | d. Revidert investeringsbudsjett  |         |
| 26/23   | Tilbakerapportering: Status om oppfølging av tilrådingane i Rapport ressurskrevjande helse- og omsorgstenester                  | 4       |
| 27/23   | Aktuelt i Osterøy kommune   |         |
| 28/23   | Medlemsskap FKT – framlegg frå sekretariatet  |         |
| 29/23   | Framlegg til budsjett for kontrollarbeidet 2024   |         |
| 30/23   | Overføringsdokument 2019 -2023 – innspel til nytt kontrollutval   | 5       |
| 31/23   | Stadfesting av revisor si uavhengighet  | 6, 7    |
| 32/23   | Kort statusorientering forvaltningsrevisjonsprosjekt med tema «investeringsprosjekt; prosjektering, oppfølging og rapportering» | 8       |
| 33/23   | Prosjektplan eigarskapskontroll «Osterøy aktiv»   | 9       |
| 34/23   | Forenkla etterlevingskontroll med økonomiområdet 2022   | 10, 11  |
| 35/23   | Møteprotokollar frå politiske utval   |         |
| 36/23   | Eventuelt   |         |

Forfall må meldast til kontrollutvalssekretær på e-post: [trude.bruket@regionnordhordland.no](mailto:trude.bruket@regionnordhordland.no) eller tlf.: 97019893. Det vert matsservering i møtet.



Osterøy kommune


Sekretariat for kontrollutvalet  
Region Nordhordland

Meir informasjon om politisk møteplan og protokollar finn du på kommunen si heimeside og i innsynsløysinga: <http://innsyn.sing.no/osteroy/innsyn/wfinnsyn.ashx?response=moteplan&>.

Med vennleg helsing

Kato Melchersen  
*Leiar i kontrollutvalet*

Trude Bruket  
*Kontrollutvalssekretær*



Dato: 25.08.2023

Sakshandamar: Trude Bruket  
e-post:  
[trude.bruket@regionnordhordland.no](mailto:trude.bruket@regionnordhordland.no)

# OSTERØY KONTROLLUTVAL

SAKSFRAMLEGG TIL MØTET 05.09.2023

## INNHALDSLISTE

|  |    |
|--|----|
| 23/23 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet.....   | 2  |
| 24/23 Godkjenning av protokoll frå førre møte.....   | 2  |
| 25/23 Meldingar.....   | 2  |
| 26/23 Tilbakerapportering: Status om oppfølging av tilrådingane i Rapport ressurskrevjande helse- og omsorgstenester.....                  | 3  |
| 27/23 Aktuelt i Osterøy kommune.....   | 4  |
| 28/23 Medlemskap i FKT, forum for kontroll og tilsyn.....  | 4  |
| 29/23 Framlegg til budsjett kontrollutvalsarbeidet 2024.....   | 6  |
| 30/23 Overføringsdokument 2019 -2023 – innspel til nytt kontrollutval.....   | 8  |
| 31/23 Stadfesting av revisor si uavhengigheit.....   | 8  |
| Saksopplysingar.....   | 8  |
| 32/23 Kort statusorientering forvaltningsrevisjonsprosjekt med tema «investeringsprosjekt; prosjektering, oppfølging og rapportering»..... | 9  |
| 33/23 Prosjektplan eigarskapskontroll «Osterøy aktiv».....   | 9  |
| 34/23 Forenkla etterlevingskontroll med økonomiområdet 2022.....   | 10 |
| 35/23 Møteprotokollar frå politiske utval.....   | 11 |
| 36/22 Eventuelt.....   | 12 |



## 23/23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE TIL MØTET

### SAKSOPPLYSINGAR:

#### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 05.09.2023 er godkjent.

## 24/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

*Saksvedlegg: Protokoll frå kontrollutvalsmøtet 30.05.2023*

### SAKSOPPLYSNINGAR:

Møteprotokollen frå førre møtet vert lagt fram til godkjenning.

#### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Møteprotokoll frå møtet 30.05.2023 er godkjent slik den ligg føre.

## 25/23 MELDINGAR

- a. Henvending: Melding om mulig ulovlig bygging og sammenblanding av roller
- b. Sekretariatet sitt svar: Melding om mulig ulovlig bygging og sammenblanding av roller
- c. Årsmelding og årsrekneskapen 2022 godkjent i heradsstyret
- d. Revidert investeringsbudsjett

#### *Saksvedlegg:*

- a. *Henvending: Melding om mulig ulovlig bygging - Tyssebotnen kai samt uheldig sammenblanding av roller*
- b. *SV\_Melding om mulig ulovlig bygging - Tyssebotnen kai samt uheldig sammenblanding av roller*
- c. *Digitalt vedlegg: [Dokument 23/11650 - Årsmelding og Årsrekneskap 2022 - Osterøy kommune \(sing.no\)](#)*
- d. *Digitalt vedlegg: [Dokument 23/11647 - Revidert investeringsbudsjett 2023 - Osterøy kommune \(sing.no\)](#)*

### SAKSOPPLYSINGAR

- a. Henvending: Melding om mulig ulovlig bygging og sammenblanding av roller



Kontrollutvalet har fått oversendt ei henvending, sjå vedlegg. E-posten med meldinga er stila til planavdelinga og kontrollutvalet. Henvendinga vert, etter avtale med leiar, lagt fram som meldingssak.

Sekretariatet si vurdering:

Saka er ei enkeltsak som er stila til ei kommunal avdeling og kontrollutvalet. Jamfør kontrollutvalet sitt mandat, og rettleiar for sakshandsaming av henvendingar, bør ikkje kontrollutvalet gå inn i ei pågåande sak. Etter sekretariatet sitt syn bør i første omgang kommunen sin administrasjon få høve til å handsama henvendinga. Kontrollutvalet kan ikkje instruera administrasjonen.

Utvalet kan, om ynskjeleg, likevel drøfta i møtet om det er grunnlag for å be om meir informasjon om saka i eit seinare møte.

---

SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek meldingssakene a - d til orientering.

26/23 TILBAKERAPPORTERING: STATUS OM OPPFØLGING AV TILRÅDINGANE I RAPPORT  
RESSURSKREVJANDE HELSE- OG OMSORGSTENESTER

*Vedlegg: Rapport til kontrollutvalg sak 26.23*

---

SAKSOPPLYSINGAR

Kommunedirektøren er beden om å rapportera tilbake om status for oppfølginga av dei føreslegne tiltaka i revisjonsrapporten «Ressurskrevjande helse- og omsorgstenester i Osterøy kommune,» som vart handsama av kontrollutvalet i sak 31/22 den 27.09.2022, og av heradsstyret i sak 100/22 den 19.10.2022. Sjå skrifteleg tilbakerapportering i vedlagde notat.

Kommunedirektøren er beden om å gje utfyllande orientering munnleg, og svara på eventuelle spørsmål, i møtet.

Bakgrunnen for saka:

Sjå rapporten i sakspaira til kontrollutvalet frå møtet i september i fjor her: [wfdocument.ashx \(sing.no\)](https://wfdocument.ashx(sing.no))

Heradsstyret gjorde følgende vedtak i saka:

1. Heradsstyret sluttar seg til revisor sine tilrådingar og gjev innstilling til heradsstyret om å be rådmannen vurdere eit tettare samarbeid mellom einingane og sektorane i kommunen, for også i framtida sørge for at kommunen får refundert dei utgiftene dei kan ha rett på refusjon for.
2. Heradsstyret ber om at kontrollutvalet får ei skriftleg tilbakerapportering om oppfølginga av tilrådingane i løpet av vårhalvåret 2023.



Sjå protokollen frå heradsstyret her: [wfdocument.ashx \(sing.no\)](#)

---

#### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek tilbakerapporteringa om korleis kommunedirektøren har følgd opp dei føreslegne tiltaka i revisjonsrapporten «Ressurskrevjande helse- og omsorgstenester i Osterøy kommune» til orientering.

Kontrollutvalet vil be om ei ny orientering om eitt år.

---

#### 27/23 AKTUELT I OSTERØY KOMMUNE

---

##### SAKSOPPLYSINGAR

Kommunedirektøren og ordførar er bedne om å gje ei kort orientering om aktuelle saker i Osterøy kommune. Med omsyn til kontrollutvalet sitt mandat er det ynskjeleg med eit internkontroll- og systemfokus i denne bolken med generell orientering.

Kommunedirektøren har meldt at ho ikkje har høve til å stilla i møtet.

---

#### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

---

#### 28/23 MEDLEMSKAP I FKT, FORUM FOR KONTROLL OG TILSYN

*Saksvedlegg:*

*fkt-brosjyre2022-23 – digital:* <https://www.fkt.no/wp-content/uploads/2019/06/fkt-brosjyre2022-23.pdf>

*fkt-vedtekter-endret-2022 – digital:* <https://www.fkt.no/wp-content/uploads/2019/06/fkt-vedtekter-endret-2022.pdf>

---


##### SAKSOPPLYSINGAR

###### **Samandrag**

Sekretariatet anbefaler kontrollutvalet å melda seg inn i FKT – Forum for kontroll og tilsyn, for å ta del i eit viktig kompetansearbeid.

###### **Saksopplysingar**

Forum for kontroll og tilsyn (FKT) er ein medlemsorganisasjon for kontrollutval og sekretariat. Per 19.06.2023 har organisasjonen 224 kommunar, 7 fylkeskommunar og 22 kontrollutvalsekretariat som dekker meir enn 250 kommunar/fylkeskommunar som medlemmer. Sekretariatet i Region Nordhordland IKS (RNI) vart medlem hausten 2022.



FKT sitt føremål er å vera «en møte- og kompetanseplass for mennesker som arbeider med kontrollarbeid i kommuner, fylkeskommuner, Sametinget og Longyearbyen lokalstyre.»

Gjennom ulike arbeidsgrupper, sett saman av representantar frå medlemsorganisasjonane, utarbeider FKT blant anna ei rekkje rettleiarar til kontrollutvala og sekretariata sitt arbeid. Dette arbeidet vert såleis utvikla «på dugnad» gjennom fellesskapet i FKT. I fleire tilfelle samarbeider FKT med NKRF – *kontroll og revisjon i kommunene* om rettleiarar og fagutvikling. FKT er ein medlemsorganisasjon for kontrollutval og sekretariat, og NKRF for revisjonsselskap og sekretariat. FKT er einaste kompetanseorganisasjonen som kontrollutval kan vera medlem i.

I 2022 publiserte FKT blant anna ein rettleiar for handsaming av henvendingar til kontrollutvalet, [Veileder, Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget - Forum for kontroll og tilsyn \(fkt.no\)](#). Alle kontrollutvala som RNI er sekretariat for gjorde vedtak om å nytta rettleiaren. I tillegg lagar FKT [opplæringspakke for nye kontrollutval](#).

Kontingentsatsane i FKT for 2023 er følgende:

- Kommune 0 – 5 000 innb.: kr 3 700
- Kommunar 5 001 – 10 000 innb.: kr 7 500
- Kommunar 10 001 – 20 000 innb.: kr 9 700
- Kommunar 20 001 – 50 000 innb.: kr 13 000
- Kommunar med meir enn 50 000 innb.: kr 16 000
- Fylkeskommunar: kr 16 000
- Sekretariat: kr 9 700

Les meir om FKT på [Forum for kontroll og tilsyn \(fkt.no\)](#)

### **Sekretariatet si vurdering og anbefaling**


Osterøy kontrollutval bør delta i medlemsfellesskapet, og betala kontingent, når kontrollutvalet nyttar ressursar utvikla av FKT. Det finst kun ein kompetanseorganisasjon som kontrollutval kan vera medlemmer i, og det er ikkje ein stor økonomisk kostnad med medlemskap. Kontingenten vert lagt inn i sekretariatet sitt utkast til kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett. Kontrollutvalsmedlemmer i medlemskommunane får elles noko rabatt på kurs og konferansar som vert arrangert av FKT.

Kontrollutvalet bør vera innmeldt når ny periode startar, slik at opplæringspakken frå FKT kan nyttast.

---

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet ynskjer å ta del i kompetansefellesskapet i FKT, forum for kontroll og tilsyn, og melder seg inn i organisasjonen. Kontingenten vert lagt inn i kontrollutvalet sitt framlegg til budsjett.



## 29/23 FRAMLEGG TIL BUDSJETT KONTROLLUTVALSARBEIDET 2024

### SAKSOPPLYSINGAR

Kontrollutvalet skal etter forskrift om kontrollutval og revisjon § 2 utarbeide spesifisert forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Etter kommunelova § 14-3 skal dette framlegget følgje innstillinga til årsbudsjettet til heradsstyret.

Heradsstyret skal vedta eit samla budsjett for kontrollarbeidet i kommunen, som mellom anna skal dekkja utgifter til aktiviteten i kontrollutvalet, sekretærbistand og revisjon.

Kontrollutvalet er eit lovpålagd utval, og har ei sentral rolle i eigenkontrollen i kommunen. Kontrollutvalet har fleire oppgåver som er regulerte i lov og forskrift, og skal mellom anna uttale seg om årsrekneskapen og årsmeldinga frå kommunen, utarbeide planar for, og bestille forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll og rapportere til heradsstyret om dette.


Budsjettet til kontrollutvalet må innehalde kostnader knytte til revisjonsaktivitetar, sekretariatsarbeid, møtegodtgjersle/tapt arbeidsinntekt, opplæring gjennom kurs og konferansar og møteutgifter mellom anna. Det er også anbefalt at budsjettet for kontrollarbeidet inneheld ein budsjettpost til uføresett kontrollarbeid.

Kostnader knytt til revisjon og kontrollutvalsekretariat er avtalefesta, gjennom selskapsavtalane for Vestlandsrevisjon IKS og sekretariatneste i Region Nordhordland IKS (RNI).

I forslaget til total ramme er det ikkje lagt opp til vesentlege endringar i utvalet sitt samla aktivitetsnivå for 2024, men ein må rekne med å bruke noko meir på opplæring, då det vert konstituert eit nytt kontrollutval hausten 2023. Dei seinare åra har det stort sett vore gjennomført 5 møter. Dersom konkrete saker eller problemstillingar oppstår kan det verta behov for fleire møte eller meirarbeid for revisor og/eller sekretariat. I budsjettforslaget er det teke høgde for noko uføresett kontrollarbeid i 2024, men innafor ei relativt avgrensa ramme. Kontrollutvalet har høve til å be heradsstyret om ekstra midlar dersom uføresette kontrolloppgåver av større omfang vert naudsynte.

Med bakgrunn i ei vurdering av neste års ressursbehov har sekretariatet sett opp følgjande framlegg til budsjett for kontrollutvalsarbeidet i 2024:





| <b>Kontroll og revisjon<br/>Osterøy kontrollutval</b> | <b>Kontrollutvalet<br/>sitt budsjett-<br/>framlegg 2024</b> | <b>Rekneskap<br/>2022</b> | <b>Vedteke<br/>budsjett 2022</b> | <b>Kontrollutvalet<br/>sitt budsjett-<br/>framlegg 2023</b> |
|---|---|---------------------------|----------------------------------|---|
| <b>Revisjonskostnader</b>                             | <b>kr 1 380 000</b>   | kr 1 250 814              | <i>kr 1 160 000</i>              | <i>kr 1 192 000</i>   |
| <b>Sekretariat</b>                                    | <b>kr 137 000</b>   | kr 97 832                 | <i>kr 110 000</i>                | <i>kr 118 000</i>   |
| <b>Møtegodtgjersle</b>                                | <b>kr 100 000</b>   | kr 83 044                 | <i>kr 100 000</i>                | <i>kr 100 000</i>   |
| <b>Diverse møteutgifter</b>                           | <b>kr 15 000</b>  | kr 5 685                  | <i>kr 18 000</i>                 | <i>kr 10 000</i>  |
| <b>Kontingenter (FKT)</b>                             | <b>kr 7 500</b>   | kr 0                      | <i>kr 2 000</i>                  | <i>kr 2 000</i>   |
| <b>Opplæring<br/>kontrollutvalet</b>                  | <b>kr 50 000</b>  | kr 0                      | <i>kr 30 000</i>                 | <i>kr 30 000</i>  |
| <b>Uføresett kontrollarbeid</b>                       | <b>kr 50 000</b>  | kr 28 483                 | <i>kr 0</i>                      | <i>kr 50 000</i>  |
| <b>Totalt</b>   | <b>kr 1 739 500</b>   | <b>kr 1 465 858</b>       | <b><i>kr 1 420 000</i></b>       | <b><i>kr 1 502 000</i></b>                                  |

Kommentarar til tabellen:

- 1) Kostnad til revisjon følgjer av avtale til Vestlandsrevisjon IKS. Budsjettalet er førebels, då dette vert vedteke av representantskapet i desember 2023.
- 2) Kostnad til kontrollutvalssekretariat følgjer av avtalt kostnadsfordeling mellom eigarkommunane Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen og Osterøy. Budsjettalet er førebels, då dette vert vedteke av representantskapet i desember 2023.
- 3) Kontrollutvalet sine eigne utgifter er knytt til fast årleg godtgjerdsløse, tapte arbeidsforteneste, møtegodtgjersle, reiseutgifter m.m.
- 4) Diverse møteutgifter som møtemat med meir.
- 5) Kontingent i FKT.
- 6) Kontrollutvalsmedlemmene bør kunne delta på kurs årleg for å vere oppdatert på sentrale lovkrav og rammer for kontroll og tilsyn. Det vert jamleg arrangert kurs for kontrollutval av blant anna fagorganisasjonane NKRF og FKT.
- 7) Det er anbefalt å legge inn ein kostnadspost knytt til uføresett kontrollarbeid (jf. kontrollutvalsboka).

---

**SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK**

Kontrollutvalet viser til gjennomgang av framlegg til spesifisert budsjett og innstiller til ei budsjetttramme for kontrollarbeidet i 2024 på kr kr 1 739 500,-.

Budsjettframlegget vert sendt over til heradsstyret, og skal følgja innstillinga til årsbudsjettet for 2024, jamfør § 2 i forskrift om kontrollutval og revisjon.



## 30/23 OVERFØRINGSSDOKUMENT 2019 - 2023 – INNSPEL TIL NYTT KONTROLLUTVAL

*Vedlegg: Overføringsdokument nytt kontrollutval\_ Osterøy 2023\_ med vedlegg*

### SAKSOPPLYSINGAR

Sekretariatet har utarbeidd eit overføringsdokument frå kontrollutvalsperioden 2019 - 2023 (vedlagd). Overføringsdokumentet skal bidra til kontinuitet i kontrollutvalet sitt arbeid frå ein valperiode til ein ny. Det vert lenka vidare til sentrale dokument frå perioden (til kommunen si innsynsløysing på nett). Innspel frå kontrollutvalet - henta inn gjennom spørjeundersøking - er inkludert i eit siste avsnitt, saman med ei evaluering.

Sekretariatet legg oppsummeringsdokumentet fram for kontrollutvalet, som kan drøfta innhaldet og eventuelt koma med innspel til dokumentet.

#### **Sekretariatet si vurdering**

Kontrollutvalet bør godkjenne dokumentet, som skal leggjast fram for nytt kontrollutval i første møte i ny periode. Eventuelle innspel frå kontrollutvalet vert protokollført i møtet, og retta opp i endeleg dokument.

---

#### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet godkjenner overføringsdokumentet for perioden 2019 - 2023 slik det ligg føre frå sekretariatet.

Dokumentet vert lagt fram til orientering i første kontrollutvalsmøte i ny kommunestyreperiode.

Dokumentet vert også sendt til kommunestyret til orientering.

## 31/23 STADFESTING AV REVISOR SI UAVHENGIGHEIT

*Saksvedlegg (merk at desse er i eigne filer pga signatur/dokumentnøkkel):*

*Uavhengighetserklæring\_til\_KU\_-\_Osterøy\_2023\_-\_Janne*

*Uavhengighetserklæring\_Osterøy\_2023\_RKH*


### SAKSOPPLYSINGAR

I samsvar med Forskrift om kontrollutvalg og revisjon, kapittel 3, § 16, jf. kommuneloven § 24-4, har kontrollutvalet motteke eigenvurdering av uavhengighet frå oppdragsansvarlege revisorar for rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon i Vestlandsrevisjon IKS.

---

#### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek revisor si stadfesting av uavhengigheit til orientering.



## 32/23 KORT STATUSORIENTERING FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT MED TEMA «INVESTERINGSPROSJEKT; PROSJEKTERING, OPPFØLGING OG RAPPORTERING»

*Saksvedlegg: Framdriftsnotat FR investeringsprosjekt 25.08.23*

---

### SAKSOPPLYSINGAR

Revisor har sendt over ei kort statusorientering om arbeidet med forvaltningsrevisjonsprosjektet «investeringsprosjekt; prosjektering, oppfølging og rapportering,» sjå vedlegg.

#### **Bakgrunn**

Kontrollutvalet handsama prosjektplan for forvaltningsrevisjonsprosjektet «investeringsprosjekt; prosjektering, oppfølging og rapportering» i sak 08/23 i møtet 14.02.2023 og gjorde følgende vedtak:

1. Kontrollutvalet har handsama prosjektplanen «*Investeringsprosjekt; prosjektering, oppfølging og rapportering*» og godkjenner den slik den ligg føre frå Vestlandsrevisjon IKS.
2. Kontrollutvalet ynskjer ferdigstilling og handsaming av prosjektrapporten innan utgangen av 2023.
3. Kontrollutvalet ber om å få korte statusrapportar i komande møte.

Forvaltningsrevisjonsprosjektet skal følgast opp av nytt kontrollutval.

---

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek statusorienteringa om arbeidet med forvaltningsrevisjonsprosjektet «investeringsprosjekt; prosjektering, oppfølging og rapportering» til informasjon.

## 33/23 PROSJEKTPLAN EIGARSKAPSKONTROLL «OSTERØY AKTIV»

*Saksvedlegg: Prosjektplan - eigarskapskontroll Osterøy Aktiv*

---


### SAKSOPPLYSINGAR

Vestlandsrevisjon IKS har sendt over framlegg til prosjektplan for eigarskapskontroll av Osterøy Aktiv, datert 24.08.2023, vedlagt.

Planen inneheld føremål, problemstillingar, revisjonskriterier og informasjon om metode og gjennomføring. Prosjektet er estimert til 200 timar, og ferdigstilling tidleg haust 2024.

Forvaltningsrevisor Ragnhild K. Høyland presenterer planen i møtet.

I møtet vert det lagt opp til at kontrollutvalet skal drøfte prosjektplanen med føremål om å godkjenne denne.



## Bakgrunn

I førre møte, sak 09/23 handsama kontrollutvalet oppfølging av plan for eigarskapskontroll og bestilte ein prosjektplan for ein ny eigarskapskontroll gjennom følgande vedtak:

1. *Kontrollutvalet har følgd opp plan for eigarskapskontroll for 2020 – 2024, vedteke i heradsstyret i sak 104/20.*
2. *Kontrollutvalet ynskjer å bestille framlegg til prosjektplan for ein eigarskapskontroll med tema «Osterøy aktiv» hos Vestlandsrevisjon IKS*
3. *Prosjektplanen, med forslag til problemstillingar, framdriftsplan og timeestimat, skal handsamast av kontrollutvalet innan juni 2023.*
4. *Prosjektet kjem til å gå inn i neste kommunestyreperiode, og vil verta slutthandsama av nytt kontrollutval og nytt heradsstyre.*

---

## SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet har handsama prosjektplanen «Eigarskapskontroll - Osterøy aktiv» og godkjenner den slik den ligg føre frå Vestlandsrevisjon IKS.
2. Kontrollutvalet ynskjer ferdigstilling og handsaming av prosjektrapporten innan oktober 2024.
3. Kontrollutvalet ber om å få korte statusrapportar i komande møte.

## 34/23 FORENKLA ETTERLEVINGSKONTROLL MED ØKONOMIOMRÅDET 2022

*Saksvedlegg: (merk at desse er i eigne filer pga signatur/dokumentnøkkel):*

*Forenkla etterlevingskontroll 2022, Vestlandsrevisjon IKS*

*Attestasjonsuttale FEK, Vestlandsrevisjon IKS*

---

## SAKSOPPLYSINGAR

Vestlandsrevisjon IKS har gjennomført forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga for rekneskapsåret 2022, jf. kommunelova § 24-9.

Føremålet med forenkla etterlevingskontroll er å sjå etter om økonomiforvaltninga i hovudsak skjer i samsvar med lovar og reglar. Val av område for forenkla etterlevingskontroll vert prioritert av revisor og skal skje med bakgrunn i ei risiko- og vesentlegvurdering. Revisor sin uttale er utarbeidd for å gje kontrollutvalet eit betre grunnlag for å ivareta sitt sjå til ansvar med økonomiforvaltninga og til Osterøy kommune sin informasjon, og er ikkje nødvendigvis eigna til andre føremål.

Tema for etterlevingskontrollen har vore økonomiske fullmakter.

Revisor har konkludert med atterhald i attestasjonsuttalen, og grunngjev dette slik:

«Det er etter vår vurdering svakheiter med skriftlege delegasjonar og ajourhald av delegert tilvisingsrett som kan utgjere ein risiko for kommunen dersom det ikkje i tilstrekkeleg grad er etablert andre kontrollar eller desse ikkje fungerer etter hensikta. Dette er etter vår



vurdering ei svakheit i høve til intern kontroll for ein organisasjon på Osterøy kommune sin storleik.»

Revisor har også gitt nokre tilrådingar til kommunen som er nærare omtala i den vedlagde rapporten som er laga i samband med arbeidet med etterlevingskontrollen for 2022.

Revisor vil orientere nærare om gjennomføring, funn og tilrådingar etter kontrollen.

Kommunedirektøren er invitert til å kommentera kontrollen, samt å svara på eventuelle spørsmål.

#### Sekretariatet si vurdering:

Kontrollutvalet skal sjå til at økonomiforvaltninga føregår i tråd med gjeldande bestemmelsar og vedtak (j.f. kommunelova § 23-2 b). I forskrift for kontrollutval og revisjon § 3, tredje ledd, er det utdjupe at kontrollutvalet er pålagt å sjå til at rekneskapsrevisoren sine påpekingar i samband med forenkla etterlevingskontroll (kommuneloven § 24-9) blir retta eller følgd opp. Dersom påpekingane ikkje blir retta eller følgd opp, skal kontrollutvalget rapportera det til kommunestyret.

I høve lovverket må difor kontrollutvalet be om tilbakerapportering på korleis det punktet revisor har beskrive som grunnlag for atterhald i attestasjonsuttalen vert følgd opp. Det er også greitt å be om tilbakerapportering på korleis kommunen har nytta tilrådingane frå rapporten til utviklingsarbeid. Dette går inn under kontrollutvalet sitt «sjå-til-ansvar.»

---

#### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen om etterlevingskontrollen om økonomiske fullmakter til orientering og sluttar seg til revisor sine tilrådingar.

Kontrollutvalet ynskjer ei tilbakerapportering frå kommunedirektøren på korleis etterlevingskontrollen har vorte følgd opp innan 3. kvartal 2024.

---

#### 35/23 MØTEPROTOKOLLAR FRÅ POLITISKE UTVAL

---

#### SAKSOPPLYSINGAR


Kontrollutvalet vert oppmoda til å følgje med på aktiviteten til dei politiske utvala i kommunen. Kontrollutvalsmedlemmene kan i dette faste sakspunktet orientere kvarandre om politiske saker som er relevante for utvalsmedlemmene å kjenne til.

Møteplan og protokollar frå politiske møter kan ein finne på kommunen sin heimeside og i innsynsløysinga: kommunen: [Osterøy kommune - Møteplan, råd og utval \(osteroy.kommune.no\)](https://osteroy.kommune.no)

---


#### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



36/22 EVENTUELT

*Ingen saksopplysingar eller framlegg til vedtak i denne saka.*



# OSTERØY KONTROLLUTVAL

## PROTOKOLL

Møtedato: 30.05.2023, kl. 12.00 – 15.15

Stad: Heradsstyresalen, Osterøy rådhus

Tilstades: Kato Melchersen (leiar), Margrethe Riple Ådland (nestleiar), Ann Christin Reigstad (medlem), Jon Daltveit (medlem), Ole Johannes Mjøs (medlem)

Forfall:


Andre: Ordførar Lars Fjellstad, kommunedirektør Ingvild Kirsti Hjelmtveit (sak 17/23, 18/23 og 20/23), økonomisjef Øyvind Johannesen (sak 17/23) og kommunalsjef Arnstein Øvsthus (sak 18/23).

Frå revisjonen: Revisjonssjef, Janne Eraker og forvaltningsrevisor, Ragnhild K. Høyland, Vestlandsrevisjon IKS

Sekretær: Trude Bruket, Region Nordhordland IKS

## INNHALDSLISSE

|   |   |
|---|---|
| 14/23 Godkjenning av innkalling og sakliste til møtet 30.05.2023 .....  | 2 |
| 15/23 Godkjenning av protokoll frå førre møte.....  | 2 |
| 16/23 Meldingar.....  | 2 |
| 17/23 Årsrekneskap og årsmelding 2022 – uttale frå kontrollutvalet.....   | 3 |
| 18/23 Tilbakerapportering: Orientering om korleis læringspunkta 21.09.2021, sak 39/21, heradsstyresak 052/21 (referatsak 2) er følgd opp.....                                 | 4 |
| 19/23 Oppfølging sak 08/23: Prosjektplan forvaltningsrevisjonsprosjekt med tema «investeringsprosjekt; prosjektering, oppfølging og rapportering» – eventuell revidering..... | 4 |
| 20/23 Aktuelt i Osterøy kommune .....   | 5 |
| 21/22 Møteprotokollar frå politiske utval.....  | 6 |
| 22/22 Eventuelt.....  | 6 |



## 14/23 GODKJENNING AV INNKALLING OG SAKLISTE TIL MØTET 30.05.2023

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 30.05.2023 er godkjent.

### HANDSAMING I MØTET

Ingen merknader.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### VEDTAK

Innkalling og sakliste til møte i kontrollutvalet 30.05.2023 er godkjent.

## 15/23 GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ FØRRE MØTE

### FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Møteprotokoll frå møtet 14.02.2023 er godkjent slik den ligg føre.

### HANDSAMING I MØTET

Ingen merknader.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### VEDTAK

Møteprotokoll frå møtet 14.02.2023 er godkjent slik den ligg føre.

## 16/23 MELDINGAR

- a. Finansielle måltal – oppfølging i heradsstyret
- b. Forvaltningsrevisjonsrapport om BIR frå BDO
- c. Eigarskapskontroll BIR frå BDO
- d. Ny rettleiar om «påse-/sjå til-ansvaret» frå NKRF
- e. Temamøte om barnevern for heradsstyret 22.02.2023
- f. Arbeid med eigarskapsmelding idrettsanlegg
- g. Statsforvaltaren avsluttar tilsyn med barnevernstenesta
- h. Innkalling til generalforsamling i Osterøy aktiv.





---

#### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Kontrollutvalet tek meldingssakene a til h til orientering.

---

#### HANDSAMING I MØTET

Leiar informerte i tillegg om at ordførar har vidaresendt informasjon om innkalling til generalforsamling i Opro AS, dato for generalforsamlinga er 8.6.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

---

#### VEDTAK

Kontrollutvalet tek meldingssakene a til h til orientering.

---

### 17/23 ÅRSREKNESKAP OG ÅRSMELDING 2022 – UTTALE FRÅ KONTROLLUTVALET

---

#### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet vedtek vedlagte forslag til uttale om kommunen sitt årsrekneskap og kommunen si årsmelding for 2022.
2. Kontrollutvalet sin uttale vert sendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.
3. Kontrollutvalet vil følgje opp «Rapport om årsrekneskapen 2022, nr 21» gjennom sitt sjå-til-ansvar jamfør § 23-2 a) og b) i kommunelova i eiga sak i seinare møte.

---

#### HANDSAMING I MØTET

Økonomisjef Øyvind Johannesen presenterte årsrekneskapen og årsmeldinga, og svara på spørsmål frå kontrollutvalet.

Revisjonssjef Janne Eraker orienterte om revisjonsmeldinga og gjekk gjennom revisjonen sin rapport om årsrekneskapen 2022, nr. 21.

Kontrollutvalssekretær orienterte om framlegget til uttale frå kontrollutvalet om årsmeldinga og årsrekneskapen.


Kontrollutvalet drøfta framlegget til uttale og stilte seg bak denne. Sekretær rettar frå rådmann til kommunedirektør i endeleg versjon. Dette vert teke inn i vedtaks punkt 1.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

---

#### VEDTAK

1. Kontrollutvalet vedtek vedlagte forslag til uttale om kommunen sitt årsrekneskap og kommunen si årsmelding for 2022. Tittel rådmann vert endra til kommunedirektør i endeleg dokument.



2. Kontrollutvalet sin uttale vert sendt til kommunestyret med kopi til formannskapet.
3. Kontrollutvalet vil følgje opp «Rapport om årsrekneskapen 2022, nr 21» gjennom sitt sjå-til-ansvar jamfør § 23-2 a) og b) i kommunelova i eiga sak i seinare møte.

18/23 TILBAKERAPPORTERING: ORIENTERING OM KORLEIS LÆRINGSPUNKTA 21.09.2021, SAK 39/21, HERADSSTYRESAK 052/21 (REFERATSAK 2) ER FØLGD OPP.

---

#### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen om oppfølging av læringspunkta frå heradsstyresak 052/21, RS 2 til orientering.

---

#### HANDSAMING I MØTET

Kommunedirektør Ingvild Kirsti Hjelmtveit og kommunalsjef Arnstein Øvsthus gav utfyllande orientering knytt til innhaldet i notatet vedlagd saka.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

---

#### VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen om oppfølging av læringspunkta frå herad styresak 052/21, RS 2 til orientering.

19/23 OPPFØLGING SAK 08/23: PROSJEKTPLAN FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT MED TEMA «INVESTERINGSPROSJEKT; PROSJEKTERING, OPPFØLGING OG RAPPORTERING» – EVENTUELL REVIDERING

---


#### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Kontrollutvalet står for vedtaket som vart gjort i sak 08/23 i førre møte. Prosjektplanen «Investeringsprosjekt; prosjektering, oppfølging og rapportering» vart då godkjent slik den låg føre i sakspapira.
2. Kontrollutvalet ber likevel revisor ta med seg relevante poeng frå drøftinga i møtet, samt orienteringa som var gitt i sak 18/23, i arbeidet vidare, og vurderer om enkelte innspel kan takast med i arbeidet med forvaltningsrevisjonsrapporten innafor den vedtekte ramma som ligg i planen.

---

#### HANDSAMING I MØTET

Kontrollutvalet drøfta prosjektplanen med omsyn til innspelet om å sjå på prosjektet «Kringastemma» i forvaltningsrevisjonsprosjektet.



Forvaltningsrevisor Ragnhild K. Høyland orienterte kort om at ein del av læringspunkta frå heradsstyresak 052/21, RS 2 vil vera naturleg å ha med seg i revisjonsarbeidet, og bidrog med innspel til kontrollutvalet si drøfting.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

---

#### VEDTAK

1. Kontrollutvalet står for vedtaket som vart gjort i sak 08/23 i førre møte. Prosjektplanen «Investeringsprosjekt; prosjektering, oppfølging og rapportering» vart då godkjent slik den låg føre i sakspapira.
2. Kontrollutvalet ber likevel revisor ta med seg relevante poeng frå drøftinga i møtet, samt orienteringa som var gitt i sak 18/23, i arbeidet vidare, og vurderer om enkelte innspel kan takast med i arbeidet med forvaltningsrevisjonsrapporten innafor den vedtekne ramma som ligg i planen.

#### 20/23 AKTUELT I OSTERØY KOMMUNE

---

#### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

---

#### HANDSAMING I MØTET

Kommunedirektør Ingvild Kirsti Hjelmtveit orienterte kort om relevante saker for kontrollutvalet. Notat frå kommunedirektøren ligg ved protokoll.

Ordfører Lars Fjellstad orienterte kort om:


- Ekstraordinær generalforsamling i BIR.
- Opning av fisketeljar i Loneelva.
- Møter med Kendrick Resources om mogleg nikkelførekost på Hosanger.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

---

#### VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.



## 21/23 MØTEPROTOKOLLAR FRÅ POLITISKE UTVAL

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

### SEKRETARIATET SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

Ingen saker vart tekne opp.

Sekretariatet sitt framlegg til vedtak vart samrøystes vedteke.

### VEDTAK

Kontrollutvalet tek informasjonen til orientering.

## 22/23 EVENTUELT

*Ingen saker meldt.*

**Fra:** [Eivind Andreas Broen](#)  
**Til:** [Post Osterøy](#)  
**Kopi:** [Post RNH Kontrollutval](#)  
**Emne:** Melding om mulig ulovlig bygging - Tyssebotnen kai samt uheldig sammenblanding av roller  
**Dato:** tirsdag 4. juli 2023 11:25:35

---

Til relevant person i Planavdelingen / Kontrollutvalget i Osterøy Kommune

Vi har blitt oppmerksom på at en av grunneierne i nøstet på Tyssebotnen kai tar seg til rette og bygger ut på offentlig grunn som eies av Osterøy Kommune / Vestland Fylkeskommune jf. Statens Kartverk. Personen som bygger ut hevder å ha en avtale med kommunen, men ved kontakt med kommunen så finnes det ingen avtale om at utbygger har fått lov til dette jf. Osterøy Kommune 27.06.23. Men det er hevdet fra Osterøy Kommune at det skal foreligge dokumenter med signatur fra andre naboer til eiendommen på at naboene aksepterer utbyggingen men naboene som skal angivelig ha skrevet under på godkjenningen, sier dette er usant. Naboene har etterspurt kommunen om dokumentene som de angivelig har skrevet under på men disse har ikke blitt utlevert pr d.d. Området som bygges ut er idag et offentlig toalett som Osterøy Kommune / Vestland Fylkeskommune eier men Tysse bygdalag har drifter for egen kostnad. Etter anbefaling fra Statsforvalteren i Vestland vil utbyggingen som det snakkes ovenfor bli dokumentert med foto i tilfelle saken skulle havne hos dem..

Det går rykter om at utbygger har en "god" kontaktperson i kommunen som gjør at han får søknader godkjent. Vi ber kontrollutvalget i Osterøy Kommune sjekke dette og enten bekrefte eller avkrefte om dette stemmer eller ikke.

**Fra:** [Trude Bruket](#)  
**Til:** [Eivind Andreas Broen](#)  
**Kopi:** [Bjørn Kato Melchersen](#)  
**Emne:** SV: Melding om mulig ulovlig bygging - Tyssebotnen kai samt uheldig sammenblanding av roller  
**Dato:** mandag 31. juli 2023 13:22:00

---

Til Eivind Andreas Broen.  
Kopi: kontrollutvalsleiar

Kontrollutvalssekretariatet har på vegne av Osterøy kontrollutval motteke henvendinga di. Alle henvendingar til kontrollutvalet vert journalførte som innkomen post med namn på avsendar(-ar).

Henvendinga di vert lagt fram for kontrollutvalet til vurdering. Om kontrollutvalet vel å gå nærare inn på det som henvendinga gjeld, vil du kunne sjå i møteprotokollen som du finn på innsynssida til kommunen som du finn ved å gå via nettsida. Ut over dette vil du ikkje få noko meir svar frå kontrollutvalet på henvendinga di.

Utan at vi har vurdert henvendinga di, vil vi på generelt grunnlag seie at det i hovudsak er utanfor kontrollutvalet sitt mandat og reglement å behandle henvendingar som m.a. gjeld klagesaker, saker som er til behandling i rettsapparatet, usemje i politiske vedtak eller varsel etter Arbeidsmiljøloven kap. 2a.

Vi gjer deg merksam på at kontrollutvalet kun har plikt til å behandle dei saker som kommunestyret ber dei om, eller der det går fram av kommunelova kapittel 23 og 24 <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83> og forskrift om kontrollutval og revisjon i kommunar <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-06-17-904>.

Når det gjeld henvendingar frå andre enn kommunestyret, må kontrollutvalet sjølve vurdere om dei vil prioritere å sjå nærare på det henvendinga tek opp. Kontrollutvalet kan elles ta med seg innspelet ditt til neste runde når dei skal sjå på kva forvaltningsområde i kommunen det er ynskjeleg å gjere revisjonar av.

Vi gjer også merksam på at kontrollutvalet ikkje er eit forvaltningsorgan som fattar enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2. Personar som henvender seg til kontrollutvalet er ikkje å rekne som part i ei eventuell påfølgjande kontrollsak. Det vil difor ikkje vera klagerett på vedtak gjort av kontrollutvalet, eller andre partsrettar etter forvaltningslova § 28 knytt til vedtak gjort av utvalet.

Med venleg helsing  
Trude Bruket

Kontrollutvalssekretariatet | Region Nordhordland IKS  
Mobil 97 01 98 93 | [www.regionnordhordland.no](http://www.regionnordhordland.no)

---

**Frå:** Eivind Andreas Broen <[eivind.a.broen@gmail.com](mailto:eivind.a.broen@gmail.com)>  
**Send:** tirsdag 4. juli 2023 11:25

**Til:** Post Osterøy <post@osteroy.kommune.no>

**Kopi:** Post RNH Kontrollutval <kontrollutval@regionnordhordland.no>

**Emne:** Melding om mulig ulovlig bygging - Tyssebotnen kai samt uheldig sammenblanding av roller

Til relevant person i Planavdelingen / Kontrollutvalget i Osterøy Kommune

Vi har blitt oppmerksom på at en av grunneierne i nøstet på Tyssebotnen kai tar seg til rette og bygger ut på offentlig grunn som eies av Osterøy Kommune / Vestland Fylkeskommune jf. Statens Kartverk. Personen som bygger ut hevder å ha en avtale med kommunen, men ved kontakt med kommunen så finnes det ingen avtale om at utbygger har fått lov til dette jf. Osterøy Kommune 27.06.23. Men det er hevdet fra Osterøy Kommune at det skal foreligge dokumenter med signatur fra andre naboer til eiendommen på at naboene aksepterer utbyggingen men naboene som skal angivelig ha skrevet under på godkjenningen, sier dette er usant. Naboene har etterspurt kommunen om dokumentene som de angivelig har skrevet under på men disse har ikke blitt utlevert pr d.d. Området som bygges ut er idag et offentlig toalett som Osterøy Kommune / Vestland Fylkeskommune eier men Tysse bygdalag har drifter for egen kostnad. Etter anbefaling fra Statsforvalteren i Vestland vil utbyggingen som det snakkes ovenfor bli dokumentert med foto i tilfelle saken skulle havne hos dem..

Det går rykter om at utbygger har en "god" kontaktperson i kommunen som gjør at han får søknader godkjent. Vi ber kontrollutvalget i Osterøy Kommune sjekke dette og enten bekrefte eller avkrefte om dette stemmer eller ikke.

## Tilbakerapportering sak 26/23:

### Vedtak:

*Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.*

### Saka gjeld:

Status om oppfølging av tilrådingane i Rapport ressurskrevjande helse- og omsorgstenester

Rapporten tek opp tre problemstillingar. I problemstilling i kapittel 3 og 5 har kommunen tilfredsstillande praksis og rutinar. Denne rapporten tek difor for seg problemstillinga i kap 4 – der kontrollrevisjonen kjem med følgande tilrådingar:

### Tilrådingar i rapporten:

- ❖ **Rådmannen bør ta stilling til om enkelte born som har vedtak om helse- og omsorgstenester via oppvekst kan få vedtak frå helse- og omsorg med tanke på refusjon for ressurskrevjande tenester.**
- ❖ **Rådmannen bør vurderer om det er hensiktsmessig å innføra ein rutine på tvers av tenesteområda som ser på yngre brukarar med omfattande omsorgsbehov i forhold til kor vedtaka for omsorgstenestene bør vera heimla når brukaren er på skulen o.l. Det kan også vera relevant å sjå på om enkelte vedtak om spesialundervisning bør endrast til omsorgstenester i samband med den årlege evalueringa av individuell opplæringsplan, jamfør tolkningsuttalen til Utdanningsdirektoratet. Formålet er å sikra at spesialundervisning som i praksis kan vise seg å vera omsorgstenester blir vurdert med tanke på tilskotsordninga for kommunen**

Desse tilrådingane kjem på bakgrunn av denne konklusjonen i kapittel 4:

### **Kap 4. PROBLEMSTILLING: ER KOMMUNEN SI ORGANISERING AV OMSORGSTENESTENE HENSIKTMESSIG I FORHOLD TIL REFUSJON AV RESSURSKREVJANDE TENESTER ?**

### Konklusjon:

Osterøy kommune praktiserer sektoransvar i si organisering av helse- og omsorgstenester. Det betyr at vedtak om omsorgstenester via oppvekst fylgjer lovverk som ikkje vert godkjent for refusjon via Helsedirektoratet. Det kan variere frå elev til elev kor vidt tenesta vert definert som spesialundervisning eller omsorgsteneste. Dette er ei vurdering rektor gjer ut frå tilrådingar frå PPT og andre forhold i saka. Kommunen kan på sjølvstendig grunnlag gjera vedtak om helse- og omsorgstenester etter helse- og omsorgslovgivinga når eleven er på skulen. Det er forventa 2 nye mottakarar av ressurskrevjande tenester blant yngre brukarar i 2022. Forventa vekst i nettoutgiftene for helse- og omsorgsavdelinga er estimert til 1,9 mill. kr. I tillegg vil oppvekst bruka om lag 2 mill. kr. i omsorgstenester for elevar som er kvalifisert som mottakarar av ressurskrevjande tenester i inneverande år.

Kommunen har etablert ei koordinerande eining i tråd med § 7.3 i helse og omsorgstenestelova. Kommunen har ikkje tilsett nokon medarbeidar i stillinga som er eit avvik iflg. lovkrav.



Oppsummert kan kommunen oppnå betre inndecking av kostnader forbundet med ressurskrevjande tenester om vedtaksansvaret for omsorgstenester vert flytta frå oppvekst til helse- og omsorgsavdelinga for yngre brukarar som mottak særleg ressurskrevjande helse- og omsorgstenester. Kommunen vil kunne oppnå større refusjonar av utgifter til ressurskrevjande tenester ved at fleire kostbare vedtak og kanskje fleire mottakarar kvalifiserer for refusjon. Meirinntektene vil styrkja økonomien i den kommunale tenesteproduksjonen.

## **STATUS OM OPPFØLGING AV TILRÅDINGANE I RAPPORT RESSURSKREVJANDE HELSE- OG OMSORGSTENESTER**

### **Tilbakemelding om arbeidet med tilrådingane i rapporten:**

Etter at denne rapporten kom frå kontrollutvalet har det på grunn av sjukdom ikkje vore mogleg å få starte dei prosessane som skal til for å få effekt.

Sjølv om elevane det gjeld får vedtak knytt opp til helse- og omsorgstenester så må tilsette bli flytta frå sektor oppvekst over i sektor helse, omsorg og sosial for å utgiftene ført på dei rette KOSTRA-funksjonane som blir omfatta av tilskotsordninga.

Ei slik flytting vil påverke arbeidsoppgåver og lønn, samt at ein går frå dagarbeid over i turnusarbeid. Dette er endringar av eit slikt omfang at arbeidsgjevar ikkje kan nytte styringsretten då endringane medfører ei vesentleg endring i arbeidet sin karakter. Ei slik flytting vil difor krevje samtykke frå tilsette eller oppseiing i kombinasjon med tilbod om ny stilling.

Slike prosessar krev over tid tett oppfølging av leiarar opp mot tilsette i begge sektorar for å lykkast. Å gå i gong med slike prosessar utan at oppvekst har hatt kontinuitet i leiarleddet har ikkje vore forsvarleg. Det er ein risiko at ein mister personell i slike prosessar og for å redusere risikoen er det viktig å ha god leiarstøtte undervegs i arbeidet. Helse og omsorg i Osterøy kommune har erfaringar i slikt type arbeid i to omgangar dei siste 5 åra. Før, under og etter slik flytting har det i begge desse prosessane vore sterk motstand i personalgruppene – og då gjeld dette personal som flyttar innan eiga eining i eigen sektor. Dette gjer at for å minske risiko for fråfall av personal så bør kommunen vente til einingsleiar skule har fått oversikt over sitt felt før overføring skjer.

Samarbeidsprosessar er likevel starta opp i forhold til nye brukarar og i overgangar mellom barneskule/ungdomsskule, då dette vil være nye tilsettingar som kan skje i helse- og omsorgssektoren.

### **Tiltak pr i dag:**

Nye born som vil grense opp mot terskel ressurskrevjande tenester vil bli vurdert i samarbeidsmøter mellom sektor oppvekst og sektor for helse, omsorg og sosial.

Born som får dekka utgifter frå anna kommune vil ikkje bli vurdert dersom det ikkje kjem krav frå heimstadkommunen.

Born som tenesteområde skule i dag vurderer til å ha helse- og omsorgsbehov i skule, vil få helse- og omsorgsvedtak når kommunen får flytta personell frå oppvekst til helse- og omsorgstenestene.

Tiltak ut over tilrådingane, men som er nemnd i rapporten:

I tillegg til punkta over så viser rapporten til at det ikkje er tilsett medarbeidar på koordinerande eining. Koordinerande eining har fått tilsett medarbeidar som starta opp i september 2022.

2019 - 2023

# Overførings- dokument til nytt kontrollutval

Osterøy kontrollutval

Kontrollutvalssekretariatet  
REGION NORDHORDLAND IKS

Dokument godkjent av Osterøy kontrollutval i sak xx/23, dato

# Innhald

---

|  |    |
|--|----|
| Innleiing .....  | 2  |
| Årsmeldingar frå kontrollutvalet i perioden 2019 - 2023 .....  | 2  |
| Kontrollutvalsmøta hittil i 2023 .....   | 2  |
| Risiko og vesentlegvurdering (ROV) - Planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.....                            | 3  |
| Forvaltningsrevisjonar i perioden 2019 - 2023 .....  | 4  |
| Eigarskapskontrollar i perioden 2019 - 2023 .....  | 4  |
| Eigarskapsmelding.....   | 5  |
| Evaluering og innspel frå kontrollutvalet 2019 - 2023 .....  | 5  |
| Opplæring - innspel til tema.....  | 5  |
| Mandat og rolleforståing.....  | 6  |
| Midtvegsevaluering 2021/2022 .....   | 6  |
| Rettleiar for handtering av hendingar .....  | 6  |
| Digitale kurs om kommunerekneskapen.....   | 7  |
| Etikk og habilitet.....  | 7  |
| Andre innspel som er relevante for alle utvala.....  | 7  |
| Dette ynskjer kontrollutvalsmedlemmene at kommunedirektøren fokuserer på i framlegginga av årsrekneskapen/årsmeldinga..... | 7  |
| Dette ynskjer kontrollutvalsmedlemmene at revisor fokuserer på i framlegginga av rekneskapsrevisjonen.....                 | 8  |
| Tips og råd frå «gamle» til «nye» kontrollutvalsmedlem.....  | 8  |
| Evaluering - sekretariat og revisjon.....  | 9  |
| Forsvarleg sakshandsaming, utgreiingsplikt og standardar.....  | 9  |
| Evaluering .....   | 10 |
| Konkrete innspel til Osterøy kontrollutval om forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.....                              | 10 |

# Innleiing

---

Overføringsdokumentet skal bidra til kontinuitet i kontrollutvalet sitt arbeid frå ein valperiode til ein ny. Det vert lenka vidare til sentrale dokument frå perioden (til kommunen si innsynsløysing på nett).

Overføringsdokumentet inneheld også ein del som er basert på ei spørjeundersøking sekretariatet har sendt ut til kontrollutvala. Det er etterspurd innspel frå avtroppande kontrollutval som kan vera nyttige for nytt kontrollutval.

## Årsmeldingar frå kontrollutvalet i perioden 2019 - 2023

---

Kontrollutvalet sine årsmeldingane viser kva saker kontrollutvalet har handsama gjennom kvart enkelt år, og gir dessutan eit godt bilete av utvalet si formelle rolle. Nye medlemmar kan ha god nytte av å lesa årsmeldingane frå dei siste åra.

I tillegg til å få oversikt over dei lovpålagde sakene som har vorte handsama gir årsmeldingane innblikk i kva orienteringar som har vorte gitt, og kva hendingar som er komne inn. Begge deler kan vera nyttig når kontrollutvalet skal utarbeida planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll.

Årsmeldingane for Osterøy kontrollutval kan finnast i kommunen si innsynsløysing på følgjande lenker:

[Årsmelding 2022 - Osterøy kontrollutval](#) - vart handsama av heradsstyret i sak 020/23 den 12.04.2023.

[Årsmelding 2021 - Osterøy kontrollutval](#) (klikk på teksten i sakskartet, sak 08/22, så kjem du rett til årsmeldinga) vart handsama som referatsak i heradsstyret 06.04.2022, sak 028/22, nr.2.

*Merk at det er lenka direkte til dokumenta det er vist til. Klikk på dei blå titlane/lenkene for å lesa dokumenta.*

Kontrollutvalet si årsmelding for 2020 er handsama som referatsak i heradsstyret 24.02.2021 (sak 003/21, nr.2), men ligg ikkje ved møtepapira på nett. Årsmeldinga ligg heller ikkje ved kontrollutvalet sine møtepapir på nett. Difor ligg dette dokumentet som vedlegg til denne saka (i same pdf).

### Kontrollutvalsmøta hittil i 2023

Årsmeldinga for 2023 vert ikkje utarbeidd og handsama før på nyåret i 2024. Difor kan det vera nyttig å sjå over møteprotokollane, og eventuelt saksframlegga frå kontrollutvalsmøta hittil i 2023.

I 2023 har Osterøy kontrollutval hatt tre møte før konstituering av nytt heradsstyre og kontrollutval. Sjå sakspapir og protokollar i kommunen si innsynsløysing: [Kontrollutvalet 2023 - Osterøy kommune \(sing.no\)](#)

# Risiko og vesentlegvurdering (ROV) - Planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

---

Kommunelova (§ 23-3) pålegg kontrollutvalet å utarbeida ein plan for forvaltningsrevisjon i starten av kvar valperiode. Planen skal sikra at det vert gjennomført forvaltningsrevisjon regelmessig i alle kommunar, i eit omfang som er i samsvar med kommunen sin storleik, kompleksitet og risiko. Planen skal både dekke den verksemda som skjer i kommunen sjølv og den verksemda som vert driven av selskap som kommunen har eigarinteresser i.<sup>1</sup>

Likeeins skal kontrollutvalet utarbeida ein plan for eigarskapskontroll (kommunelova § 23-4).

Planane skal baserast på risiko- og vesentlegvurderingar (ROV). Det må utarbeidast ei ROV av kommunen si verksemd (kommunelova § 23-3, andre ledd), og ei ROV av kommunen sine eigarskap (kommunelova § 23-4, andre ledd).

Føremålet med risiko- og vesentlegvurderingar er å få fram relevant informasjon om verksemdsområda og eigarinteressene til kommunen. Det gjer at det er mogleg for kontrollutvalet å finna ut kvar det er størst behov for forvaltningsrevisjon og kvar det er størst behov for eigarskapskontroll.<sup>2</sup>

Det er kontrollutvalet som skal tinge ROV. Det vanlegaste er at det er revisor som utfører arbeidet. Det er føremålstenleg at prosessen inneber eit involveringsarbeid der både kontrollutvalet og andre sentrale folkevalde (som t.d. gruppeleiarar), kommuneadministrasjonen og sekretariatet deltek i ein innspelsrunde. Kontrollutvalet får slik eit godt grunnlag til å prioritera område i plan for forvaltningsrevisjon og plan for eigarskapskontroll.

Det kan vera veldig nyttig for nye kontrollutvalsmedlemmer å lese ROV frå førre periode ved oppstarten av ny periode.

ROV for Osterøy kommune kan finnast i kommunen si innsynsløysing på følgjande lenker:

[Risiko- og vesentlegvurdering del 1, grunnlag for utarbeiding av plan for forvaltningsrevisjon 2020-2024](#)

[Plan for forvaltningsrevisjon 2020 - 2024](#) har vore handsama i heradsstyret to gonger, 09.12.2020, sak 105/20 og 08.12.2021, sak 107/21. Kontrollutvalet har følgd opp planen i ei rekkje saker. Dette finn du informasjon om i kontrollutvalet sine årsmeldingar, møtepapir og protokollar, til dømes i møtet 14.02.2023 og 30.05.2023.

[Risiko og vesentlegvurdering del 2, grunnlag for utarbeiding av plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024](#)

[Plan for eigarskapskontroll 2020 - 2024](#) vart handsama i Heradsstyret i sak 104/20 den 09.12.2020.

---

<sup>1</sup> Kjelde: [Veileder i risiko- og vesentlighetsvurdering, NKRF](#)

<sup>2</sup> [Kontrollutvalsboka, kapittel 6](#)

## Forvaltningsrevisjonar i perioden 2019 - 2023

I kommunelova § 23-3 første ledd blir forvaltningsrevisjon definert som systematiske vurderingar av økonomi, produktivitet, regeletterleving, måloppnåing og verknader ut frå kommunestyret sine vedtak.<sup>3</sup>

Forvaltningsrevisjon skal gjennomførast av revisor. Det er utarbeidd ein standard for forvaltningsrevisjon (RSK 001<sup>4</sup>) som skal sørge for at forvaltningsrevisjonar vert gjort i samsvar med god kommunal revisjonsskikk, jf. kommunelova kapittel 23 og § 24-2.<sup>5</sup> Sjølv om det er spesifikke krav til gjennomføring av ein forvaltningsrevisjon, er det viktig at kontrollutvalet involverer seg i val av problemstillingar, avgrensingar og tilnærming.<sup>6</sup>

Kontrollutvalet skal følge opp gjennomførte forvaltningsrevisjonar (kommunelova 23-2 ledd e og forskrift om kontrollutval og revisjon § 5), og bør difor setja seg inn i arbeidet frå førre periode.

Osterøy kontrollutval har bestilt og handsama følgjande forvaltningsrevisjonar i førre periode:

Forvaltningsrevisjonsprosjektet: *Investeringsprosjekt; prosjektering, oppfølging og rapportering* kjem etter planen til handsaming i kontrollutvalet i siste møte i 2023, eller første i 2024. Den godkjente prosjektplanen kan lesast i [sakspapira til kontrollutvalsmøtet 14.02.2023](#).

[Forvaltningsrevisjonsrapport: Ressurskrevjande helse- og omsorgstenester](#) (klikk på teksten i sakskartet, sak 31/22 for å kome til rapporten) vart handsama som sak 100/22 i møtet 19.10.2022 (i saklista til møtet ligg den under referatsaker og meldingar, sak 086/22, sak 2. Sakspapira, og sjølvve revisjonsrapporten ligg ikkje ute i innsynsløysinga under heradsstyret). Kontrollutvalet har bede om tilbakerapportering om korleis kommunedirektøren har følgd opp tilrådingane i septembermøtet 2023.

[Forvaltningsrevisjonsrapporten: Barn og unge](#) vart handsama av heradsstyret 13.10.2021, i sak 073/21. Kontrollutvalet har fått to skriftlege tilbakerapporteringar om korleis kommunedirektøren har følgd opp tilrådingane, i sak 48/21 den 23.11.2021 og i sak 35/22 den 27.09.2022.

Heradsstyret handsama også ein forvaltningsrevisjonsrapport om vedtaksoppfølging mot slutten av perioden 2015 - 2019, den 27.03.2019, sak 013/19.

[Dokument 19/4097 - Forvaltningsrevisjon Vedtaksoppfølging - rapport - Osterøy kommune \(sing.no\)](#)

## Eigarskapskontrollar i perioden 2019 - 2023

Delar av den kommunale verksemda blir organisert utanfor den ordinære kommunale forvaltninga. Dette kan vere i form av aksjeselskap, interkommunale selskap eller andre sjølvstendige rettssubjekt. Eigarskapskontroll er ei av dei pålagde oppgåvene til kontrollutvalet, og er eit viktig verkemiddel for å sikra at selskapa er under demokratisk styring og kontroll.<sup>7</sup>

<sup>3</sup> [Kontrollutvalsboka - regjeringen.no](#), kapittel 7

<sup>4</sup> [RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon, NKRF](#)

<sup>5</sup> [Kommentarer til RSK 001 Standard for forvaltningsrevisjon og RSK 002 Standard for eierskapskontroll, NKRF](#)

<sup>6</sup> [Kontrollutvalsboka - regjeringen.no](#), kapittel 7

<sup>7</sup> [Kontrollutvalsboka, kapittel 8](#)

Det er revisor som skal utføra eigarskapskontroll i høve RSK 002 Standard for eierskapskontroll.<sup>8</sup> Standarden skal sørge for god kommunal revisjonsskikk, jf. kommunelova kapittel 23 og § 24-2.

Kontrollutvalet skal, på same måte som for forvaltningsrevisjonar, følge opp gjennomførte eigarskapskontrollar.

Osterøy kontrollutval har bestilt og handsama to eigarskapskontrollar i førre periode:

Ein eigarskapskontroll med tema Osterøy aktiv vart bestilt av kontrollutvalet i sak 09/23. Prosjektplanen skal handsamast i september 2023, og nytt kontrollutval vil følgje opp saka.

[Eigarskapskontroll av Osterøy utvikling](#) vart handsama av heradsstyret i sak 103/20 den 24.11.2020.

## Eigarskapsmelding

Kommunar er pålagde å utarbeida ei eigarskapsmelding som skal vedtakast i kommunestyret minst ein gong i kvar valperiode, jamfør kommunelova, kapittel 26. Kontrollutvalet har ikkje ei rolle i utarbeiding av eigarskapsmeldingar, men bør ha oversikt over kva selskap og føretak kommunen har eigarinteresser i, jamfør avsnittet over.

[Osterøy kommune si eigarskapsmelding frå 2021](#) vart vedteken av heradsstyret i [sak 032/21](#) i møtet 07.04.2021.

Det er lovpålagd at kontrollutvalet skal ha kopi av innkallingar til generalforsamlingar i alle selskap kommunen har eigarskap i. Dette skal bidra til at kontrollutvalet kan halda seg oppdaterte om stoda i dei kommunale selskapa.

## Evaluering og innspel frå kontrollutvalet 2019 - 2023

---

Kontrollutvalssekretariatet sendte ut ei digital spørjeundersøking den 10.08.2023 til alle kontrollutvalsmedlemmene i dei sju kontrollutvala sekretariatet arbeider for: Alver, Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen, Osterøy og Voss. Svarfristen var 21.08.2023. Det vart sendte ei purring den 17.08.2023. Det er sju medlemmer i Alver kontrollutval, og fem medlemmer i kvar av dei andre. Undersøkinga var slik sendt til 37 kontrollutvalsmedlemmer. Det var 20 som svara innan fristen.

Første delen av dette avsnittet handlar om tema som gjeld alle, og svara frå alle 20 respondentane dannar difor grunnlag for innhaldet. Til sist kjem nokre konkrete innspel for Osterøy kontrollutval spesielt.

### Opplæring - innspel til tema

Eit spørsmål i undersøkinga var «Kva kunne du ynskt du hadde lært meir om ved starten av perioden i kontrollutvalet?» Her kunne respondentane haka av fleire svar ut frå ei lang liste med tema. Dei fleste har vald fleire tema. Dei temaa som er haka av flest gonger er:

1. Forståing for kva saker kontrollutvalet SKAL handsama (lovpålagde) og kva saker kontrollutvalet KAN handsama (11 svar)

---

<sup>8</sup> [RSK 002 Standard for eierskapskontroll, NKRF](#)



2. Å lesa/forstå kommunen sin rekneskap (9)
3. Kontrollutvalet sitt mandat og rolleforståing (8)
4. Kontrollutvalet sitt forhold til kommunestyret og arbeidsfordelinga mellom utvalet og kommunestyret (8)
5. Habilitet og etikk (8)
6. Reglar, retningsliner og strukturar for økonomiforvaltning i kommunen (8)
7. Saker førre kontrollutval hadde jobba med, og som skulle følgast opp (7)
8. Forståing av forvaltningsrevisjon som verktøy for kontroll og forbetningsarbeid i kommunane (5)

Færre har haka av for desse temaa:

1. Forholdet mellom kontrollutval, sekretariat og kommunedirektøren (oppgåvefordeling og roller) (4 svar)
2. Om kommunedirektøren sin internkontroll (3)
3. Om revisor og revisjonen si rolle og deira arbeid (3)
4. Demokratisk styring av kommunale eigarskap og eigarskapskontroll (1)
5. Sekretariatet si rolle i høve kontrollutvalet (1)
6. Korleis kommunen er organisert og styrt (1)

Kan henda dette viser at kontrollutvalsmedlemmene jamt over meiner dei anten hadde god kunnskap om dei sistnemnde temaa, eller at dei syns opplæringa om desse områda var tilfredsstillande.

## Mandat og rolleforståing

At så mange hadde ynskt å få meir opplæring om kva saker kontrollutvalet er pålagde å handsama i høve kva saker dei kan handsama viser nok at dette er utfordrande. Kontrollutvalet handsamar stort sett lovpålagde saker i kvart møte, desse vert lagt inn i årsplanen. Ikkje-lovpålagde saker krev at kontrollutvalet aktivt vurderer kva dei meiner dei kan og bør ha oppe som saker for å utøva mandatet sitt godt. Kontrollutvalet sitt mandat er relativt vidt, men det er også nokre grenser. [Kontrollutvalsboka](#), kapittel 4 drøftar dette godt.

## Midtvegsevaluering 2021/2022

Alle utvala gjennomførde ei midtvegsevalueringa (nyttårsskiftet 2021/2022), og følgde denne opp i fleire møte i kvart enkelt utval. Då kom det fram at forståinga av mandat og rolle er eit viktig, men litt vanskeleg tema for kontrollutvalet. Opplæring om desse temaa er nok ikkje gjort i ein eingong; dei trengst gjerne å drøftast fortløpande, i samband med sakene kontrollutvalet har oppe. Det er særleg nyttig å ta seg tid til å vurdere mandat og rolle når ein handsamar saker som ikkje er lovpålagde, men kjem som innspel til kontrollutvalet.

## Rettleiar for handtering av henvendingar

I løpet av 2022 gjorde alle kontrollutvala vedtak om lokal rutine for sakshandsaming av innkomne saker, og om å nytta rettleiaren [Veileder, Handtering av henvendinger til kontrollutvalget](#), utarbeidd av FKT, i sitt arbeid. Rettleiaren er forankra i mandatet og rolla til kontrollutvalet, og kan vera nyttig for nye kontrollutvalsmedlemmer å sjå gjennom tidleg i sin første periode i kontrollutvalet.

## Digitale kurs om kommunerekneskapen

NKRF - kontroll og revisjon i kommunene har fleire e-læringskurs på si nettside. Eitt av desse er [Kommuneregnskapet for politikere](#). Kurset [Intro – kommuneregnskap](#) kan gjerne også vera nyttig.

## Etikk og habilitet

Kommunesektorens etikkutval skal styrka etikk- og antikorrupsjonsarbeidet i kommunesektoren. Det finst mykje nyttig lesestoff på nettsida [Etikk - KS](#), inkludert [24 eksempel for refleksjon om etikk og antikorrupsjon](#). Dette går an å ha oppe som tema i kontrollutvalet.

## Andre innspel som er relevante for alle utvala

### Dette ynskjer kontrollutvalsmedlemmene at kommunedirektøren fokuserer på i framlegginga av årsrekneskapen/årsmeldinga

Kontrollutvalet skal gje uttale om årsmeldinga og årsrekneskapen til kommunestyret før formannskapet handsamar saka og gjev innstilling til kommunestyret (jamfør forskrift om kontrollutval og revisjon § 3, andre ledd). Dette er såleis ei stor, lovpålagd sak for kontrollutvalet.

Sekretariatet etterspurde kva informasjon kontrollutvalsmedlemmene ynskjer at administrasjonen fokuserer på i framlegginga av årsrekneskapen og årsmeldinga. Dette er innspela som kom inn:

- Gje ei god, overordna oversikt - korrekt, og forståeleg for ålmenta.
- Balansert informasjon om kommunen sin økonomiske situasjon med vekt på utfordringar, moglegheiter og vegval
- Grundig gjennomgang av årsaker til kvifor ein har fått over- eller underskot i årsrekneskapen.
- Informasjon om postar som har store avvik frå budsjett. - Tydeleg forklaring når rekneskapen viser meirforbruk i høve budsjett.
- Meir informasjon om område der utgiftene aukar.
- Tydeleg informasjon om kva som gjekk bra i høve budsjett, og kva som er årsaka til overforbruk.
- Investeringar
- Informasjon om fleire av notane i rekneskapen.
- Informasjon om underbilag i postar som ikkje kan forklarast så lett.
- Inkludera prognose for året etter.
- Generell openheit og fokus på tillitsskapande informasjon. -Ærleg informasjon, også om «feiltrinn.»
- Informasjon om måloppnåing for administrasjonen og kvar enkelt sektor.
- Eit oversyn mellom vedtak og gjennomføring i kommunen økonomisk. - I kva grad gjorde vedtak har vorte gjennomførte.
- Oversikt over overføringar frå staten, og kva det dekker innan kvart område.
- Status i høve visjon
- Om det er noko ved rekneskapen som er kritikkverdig.

Sekretariatet kan nytta denne lista i samband med bestillinga til kommunedirektøren neste gong årsrekneskapen og årsmeldinga skal leggjast fram.

## Dette ynskjer kontrollutvalsmedlemmene at revisor fokuserer på i framlegginga av rekneskapsrevisjonen

Likeeins vart det stilt spørsmål til kva informasjon medlemmer ynskjer at revisor fokuserer på i framlegginga av revisjonen av årsrekneskapen og årsmeldinga.

Dei fleste meiner at revisor si framlegging av revisjonen er OK slik den vert lagt fram no, og ynskjer seg ikkje noko spesifikt nytt frå revisor. Både medlemmer i kontrollutval som har Vestlandsrevisjon IKS og KMPG (Alver) har gitt uttrykk for dette.

Dei som hadde innspel til revisor har sagt følgande:

- Informasjon om formkrava revisor reviderer opp mot.
- Gje ei enkel oversikt.
- Kva er bra, og kva er ikkje bra i rekneskapen - kva som må forbetrast.
- Prøv å nytta ord og omgrep som er vanlege i daglegtale, ikkje faguttrykk.
- Fokus på avvik.
- Få fram korleis feil og manglar kan rettast opp.
- Kva det betyr at rekneskap og årsmelding vert levert etter lovpålagd frist.

I tillegg kom det eit par innspel som gjerne er litt på sida av revisor sitt mandat. Rekneskapsrevisor sine oppgåver ved rekneskapsrevisjon er beskrivne i kommuneloven §§ 24-5 - 24-8. Desse er knytte til om rekneskapen tilfredstiller lovar og reglar, og om årsmeldinga omtalar nokre lovpålagde punkt. Innspela som kom viser likevel truleg eit fokus hos kontrollutvalsmedlemmer:

- At revisor rettleier kommunen godt om korleis dei fører rekneskapen korrekt.
- Ei vurdering av kommunen sin økonomiske situasjon og peike på kva som kan gjerast for å eventuelt forbetra situasjonen.

Gjennom revisjonsarbeidet vil revisor gje noko rettleiing til økonomikontora, men dette er ikkje deira primær oppgåve, og det er grenser for kor mykje rettleiing revisor kan gje utan å gå ut over sitt mandat, og sin habilitet.

Vurderingar kring kommunen sin økonomiske situasjon og korleis denne eventuelt kan betrast ligg ikkje innafor revisor sitt mandat, men er kommunestyret sitt ansvar. Kontrollutvalet kan setja fokus på kommunen si økonomiske berekraft gjennom å be om informasjon om kommunen sine måltal og nøkkeltal, og utviklinga av desse over tid, slik alle kontrollutvala gjorde tidleg vår 2022.

Sekretariatet meiner at det kan vera nyttig å be rekneskapsrevisor fortelja meir om si rolle knytt til rettleiing av kommunen i høve rekneskap, og eventuelle vurderingar av økonomisk berekraft i kommunen. Kanskje revisor kan ta dette med i sin introduksjon av sitt arbeid for nye kontrollutval.

## Tips og råd frå «gamle» til «nye» kontrollutvalsmedlem

I undersøkinga spurte sekretariatet kva tips og råd kontrollutvalsmedlemmene ville gje til nye medlem i kontrollutvalet. Desse innspela kom inn:

- Delta i kursing om kontrollutvalet si rolle.

- Set deg inn i korleis kommunen er «skrudd saman.»
- Ta arbeidet alvorleg. - Set dykk godt inn i sakene. - Bruk vervet godt.
- Diskuter sakene og ikkje politikken i sakene. - Ver politisk nøytral! - Legg bort subjektivitet.
- Bidra til å skapa eit opent og nysgjerrig utval, som tør å stille "dumme" spørsmål og er villige til å lære av kvarandre. Eit godt samarbeidsklima i utvalet er viktig.
- Ikkje vær redd for å spørja og diskutera. Delta og engasjer deg i sakene. Viktig å lesa sakspapir og notera seg spørsmål som kan takast opp i møte.
- Ta med deg historikken
- Ikkje ver redde for å ta tak i ting. - Ver budd på at det kan ta mykje tid, særleg «intrikate saker.»
- Kanskje fornuftig med regelmessige møter mellom ordførar og leiarar i kontrollutvalet.

Eit medlem har elles spelt inn at kontrollutvalet bør få meir opplæring om data- og informasjonstryggleik. Eit tema som er viktig, og som må vera med i kommunen sitt risikoarbeid.

## Evaluering - sekretariat og revisjon

### Forsvarleg sakshandsaming, utgreiingsplikt og standardar

Forsvarleg sakshandsaming er eit krav i kommunelova og forvaltningslova. Saksutgreiinga skal til dømes gje eit godt bilete av kva sakene handlar om, kva lover og reglar som gjeld, og sørge for at alle relevante sider av saka er opplyste. Dette omfattar også kommunedirektøren sin uttalerett i saker kontrollutvalet skal senda over til kommunestyret (kommunelova § 23-5).

Forsvarleg sakshandsaming skal gje kontrollutvalet eit godt grunnlag for utføra arbeidet sitt innfor det mandatet kontrollutvalet har.

### *Sekretariatet si rolle*

Sekretariatet er direkte underordna kontrollutvalet (kommunelova § 23-7 femte ledd), men har likevel eit sjølvstendig ansvar for å syta for at sakene vert forsvarleg utgreidde. I møte er det innimellom naudsynt at sekretariatet gir råd og rettleiing om regelverk, formalitetar og mogleg vidare saksgang. Sekretariatet skal vera uavhengig i høve både kommuneadministrasjonen og revisor.

### *Revisor si rolle*

Det er kommunestyret som formelt vel kommunen sin revisor. Revisor skal vera uavhengig av kommunen. Revisor skal utføra rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon, eigarskapskontroll og annan lovbestemt kontroll, og er ansvarlege for å gjera dette i samsvar med lover og reglar og god kommunal revisjonsskikk (kommunelova 24-2). Rekneskapsrevisjonen føl strenge standardar, og kontrollutvalet si rolle i den er å sjå til at kommunen vert forsvarleg revidert, og at kommunen har ei forsvarleg økonomiforvaltning (kommunelova §23-2).

Kontrollutvalet bestiller forvaltningsrevisjonar og eigarskapskontrollar hos revisor, og kan i stor grad påverka kva område som vert revidert, kva mål ein ynskjer å oppnå med revisjonen og kva ein ynskjer svar på. Revisor må forhalda seg til revisjonsstandardar, og må bruka anerkjente (autorative) revisjonskriterium og skal gje objektive vurderingar.

## Evaluering

Omlag halvparten av spørsmåla i den digitale undersøkinga var evalueringsspørsmål knytt til sekretariatet og revisor sitt arbeid.

Alle som svara på undersøkinga svarer at dei les saksframlegga frå sekretariatet og revisjonsrapportar frå revisor.

### *Evaluering av kontrollutvalssekretariatet*

Respondentane er nøgde med innhaldet i saksframlegga/saksutgreiingane frå sekretariatet. 11 gir høgste poengsum (5), medan 7 gir nest høgst (4), og to gir midt på treet (3). Tilbakemeldinga på møteprotokollane gir same biletet.

Av dei 20 som svara i undersøkinga er så godt som alle nøgde med korleis sekretariatet utøver rolla si som rådgjevar i møte. Poenggjevinga samsvarer med svara på spørsmåla om saksutgreiing/saksframlegg.

Det er litt ulikt kor mykje kontakt kontrollutvalssekretærene har med dei enkelte leiarane i samband med førebuing av møte. Sekretariatet hjelper kontrollutvalsleiar med å passa på at alle lovpålagde og planlagde saker kjem opp til kontrollutvalet, men leiar har formelt ansvar for å setja saklista. Enkelte ynskjer førehandsmøte før kvart møte, medan andre ikkje nyttar dette så ofte. Førehandsmøta handlar oftast om avklaringar rundt kva saker som skal opp, eller har fokus på informasjon som gjer det lettare for leiar å ha god oversikt over møtets gang.

I undersøkinga melder utvalsleiarane at dei er godt nøgde med korleis samhandlinga med sekretariatet fungerer i høve planlegging av møta. I seks av utvala gir leiarane full score, og i eitt fire av fem poeng.

### *Evaluering av arbeidet til revisor*

Tilbakemeldinga i undersøkinga viser at dei som har svara er nøgde med form og innhald i revisjonsrapportar. Dei fleste som har svara (16) har Vestlandsrevisjon IKS som revisor. Alver har KPMG. Poengsummane dei fire som har svara for Alver er like dei andre svara. 12 gir full pott (5) medan 7 gir fire av fem poeng og ein respondent gir scoren 3.

Dei skriftlege kommentarane som nokre kontrollutvalsmedlemmer har lagt inn gir eit bilete som støttar poenggjevinga i spørsmåla knytt til sekretariatet og revisjonen sitt arbeid.

Svara i evalueringa gjev eit bilete av at kontrollutvalsmedlemmene meiner dei får forsvarleg utgreidde saker.

## Konkrete innspel til Osterøy kontrollutval om forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll

Frå Osterøy kontrollutval svara tre av fem medlemmer på undersøkinga.

Svara i undersøkinga gir ikkje nødvendigvis heile biletet av kontrollutvalsmedlemmene sine oppfatningar, men under vert likevel dei innspela som kom fram gjennom undersøkinga og som gjeld spesifikt for Osterøy kontrollutval gjengitt.

Dei tre som svara trekte fram at forvaltningsrevisjon etter deira meining var det viktigaste arbeidet kontrollutvalet har gjort i perioden. Ein trekte også fram eigarskapskontroll.

På spørsmålet om kva tips og innspel til tema eller forvaltningsområde nytt kontrollutval bør prioritera for forvaltningsrevisjon svara dei tre utvalsmedlemmene dette:


- Barnevern
- Bemanningssituasjon, sjukefråver, manglande ressursar til å gi gode tenester til sårbare grupper
- Økonomistyring og berekraftig utvikling av økonomien - om ein kan møte behov innafor drift og investering.
- Sjå på områder der kommunen ligg etter samanliknande kommunar
- Sjå på plan for forvaltningsrevisjon frå inneverande periode, og kva som er følgd opp og ikkje

Det er ikkje gitt konkrete innspel til tema for eigarskapskontroll, men ein har kommentert at nytt kontrollutval bør få utforska dette sjølv.

Osterøy 5. september 2023

Kontrollutvalet

*Vedlegg neste side: Årsmelding 2020 - Osterøy kontrollutval*



Osterøy kommune

Sekretariat for kontrollutvalet  
Region Nordhordland


# Årsmelding 2020

Osterøy kontrollutval



## Innhald

|   |   |
|---|---|
| 1. Innleiing .....                      | 3 |
| 2. Osterøy kontrollutval .....          | 3 |
| 3. Revisjon og sekretariatsordning..... | 3 |
| 4. Møteaktivitet og saker i 2020 .....  | 4 |
| 5. Opplæring og kurs.....               | 5 |
| 6. Avsluttande kommentarar .....        | 6 |





## 1. Innleiing

Kontrollutvalet si verksemd er definert i kommunelova i kapittel 23, samt forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar. Kontrollutvalet skal på vegne av heradsstyret føre løpande tilsyn og kontroll med den kommunale forvaltninga, samt sjå til at kommunen har ein forsvarleg revisjonsordning. Kontrollutvalet skal rapportere til heradsstyret om sitt arbeid, og gjer dette mellom anna via møteprotokollar, særutskrifter av saker til handsaming, og gjennom årsmelding for kontrollutvalet sitt arbeid.

## 2. Osterøy kontrollutval

Osterøy heradsstyre vedtok i konstituerande heradsstyremøte i sak 066/19 val av kontrollutval for perioden 2019 – 2023. Kontrollutvalet har 5 medlemmer og 9 varamedlemmer. Eit fast medlem sit i heradsstyret i perioden, og fleire av medlemmene er vara i heradsstyret.

Kontrollutvalet er sett saman av desse medlemmene:

| Medlem  | Vara   |
|---|--|
| Kato Melchersen (leiar)   | 1. John Tysse  |
| Margrethe Riple Ådland (nestleiar)<br>Ole Johannes Mjøs<br>Jon Daltveit | 1. Roald Åge Kleppe<br>2. Atle Eide<br>3. Atle Solberg<br>4. Anne-Mari Hannisdal<br>5. Andrea Hartveit |
| Ann Christin Reigstand  | 1. Morten Fotland<br>2. Bente Dammen<br>3. Ragnhild Balsvik  |

## 3. Revisjon og sekretariatsordning

### Revisjon

Den praktiske utføringa av tilsyns- og kontrolloppgåvene vert ivareteke hovudsakeleg av revisjonen. Kapittel 24 i kommuneloven omhandlar revisjon, og revisor skal rapportere om sitt arbeid og resultat av sin revisjon til kontrollutvalet. Det er heradsstyret som vedtek val av revisjonsordning og val av revisjon, etter innstilling frå kontrollutvalet.

Nordhordland Revisjon IKS har revidert Osterøy kommune siden 1995, og var i 2020 eigd av kommunane Austrheim, Fedje, Masfjorden, Modalen og Osterøy. Frå 01.01.2021 er selskapet slått seg saman med Indre Hordaland Revisjonsdistrikt og etablert Vestlandsrevisjon IKS. Revisjonsteamet har avdeling i Knarvik og på Voss, er medlem av Norges Kommunesrevisorforbund (NKRF).

### Sekretariat

Kommuneloven § 23-7 omhandlar sekretariatsfunksjonen til kontrollutvalet. Sekretariatet er kontrollutvalet sitt operative organ og har som hovudoppgåve å sjå til at dei saker som vert

handsama av kontrollutvalet er forsvarleg utgreia, og at utvalet sine vedtak vert sett i verk. Sekretariatet skal vere ein fagleg ressurs for kontrollutvalet, og skal vere uavhengig av kommunen sin administrasjon og av dem som utfører revisjon for kommunen.

Region Nordhordland (NUI) har sekretariatsfunksjon for Osterøy kontrollutval, og har sidan 2005 ivareteke sekretariatsoppgåvene for kontrollutvala i eigarkommunane, med unntak av Gulen. I denne valperioden har selskapet også avtale med Voss herad om sekretariatsfunksjon for Voss kontrollutval. Sekretariatet har kontor i Knarvik i Alver kommune, er medlem av Norges Kommunerevisorforbund (NKRF), og deltek jamleg på aktuelle kurs og konferansar.

#### 4. Møteaktivitet og saker i 2020

##### **Møteaktivitet**

Osterøy kontrollutval har hatt 6 møter i 2020 og handsama 68 saker inklusive formaliassaker. Grunna smittesituasjonen kring korona og nasjonale/lokale føringar, vart møter og saker utsett våren 2020, og 2 av møta har vore gjennomført som fjernmøte via Teams. Det er planlagt 5 faste møter i 2021.

##### **Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll**

Kommuneloven §§ 23-3 og 23-4 omhandlar forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll og setter krav til at det skal utarbeidast ein risiko- og vesentlegvurdering av kommunen sin verksemd og sine eigarskap, knytt til utarbeiding av planar for forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. I sak 05/20 vedtok kontrollutvalet prosessplan for dette arbeidet, som har pågått i store deler av 2020. Plan for forvaltningsrevisjon 2020 – 2024 og plan for eigarskapskontroll 2020 – 2024 vart vedtatt av heradsstyret i møtet 09.12.2020. Kontrollutvalet vil følgje opp planane i dei neste åra.

##### **Rekneskapsrevisjon**

Kontrollutvalet skal etter kommunelova § 23-2 a og forskrift om kontrollutvalg og revisjon sjå til at kommunen sitt rekneskap vert revidert på ein betryggande måte, og skal gje uttale til heradsstyret om årsrekneskapen og årsmeldinga. Kontrollutvalet handsama i sak 40/20 årsmelding og rekneskap for 2019, revisjonsmelding og revisjonsrapport nr. 18, og uttale til desse vart sendt til formannskapet og heradsstyret. Kontrollutvalet peika særleg på merknadene frå revisjonen og utforminga av årsmeldinga, og uttrykte uro til tidspunkt for levering av årsrekneskapen som var lenge etter fristane. Det er viktig for kommunen sin internkontroll og økonomirapportering at rutinar vert betra for å sikre ferdigstilling innan dei lovpålagte fristane 22. februar og 31. mars. Kontrollutvalet følgte opp merknadene til rekneskapen i møtet 23.11.2020 i sak 62/20.

Forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga er eit av dei nye lovkrava i kommuneloven, jf. § 24-9. Kontrollutvalet fekk orientering om prosessen kring dette i sak 42/20 og orientering om gjennomføring og resultat av kontrollen i sak 50/20. Temaet for kontrollen i økonomiåret 2020 har vore offentlege anskaffingar, og kontrollutvalet ønskjer følgje dette området opp i 2021.

### **Oppfølging av tidlegare saker**

Kontrollutvalet bestilte i førre periode i sak 19/19 i møte 13.06.2019 ein eigarskapskontroll av Osterøy Utvikling AS, etter plan for selskapskontroll 2016 – 2020. Kontrollutvalet handsama revisjonsrapporten frå eigarskapskontrollen i sak 51/20 i møtet 21.10.2020 og slutta seg til revisor sine tilrådingar. Heradsstyret handsama rapporten med framlegg til vedtak i sak 103/20 i møtet 09.12.2020, og vedtok å følgje tilrådingane opp i det vidare arbeidet i eigarskapsmelding og eigarstrategi.

Kontrollutvalet har fått undervegsrapportering om status for forvaltningsrevisjonsprosjektet om barn og unge med særskilte behov, som var bestilt i førre periode med prosjektplan hausten 2019. Forvaltningsrevisjonsrapporten er planlagt framlagt på møte i kontrollutvalet våren 2021.

### **Andre saker som vart handsama i 2020**

- Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval
- Årsrapport for 2019, Nordhordland kemnerkontor
- Orientering om årsbudsjett 2020
- Orientering om bruk av Vigilo i Osterøy kommune
- Orientering om status Hetlevikhuset
- Orientering om innmelding i Robek
- Innkomne meldingar og innspel til kontrollområder frå innbyggjarar
- Orientering om midlertidige lovendringar
- Orienteringar om kommunal kriseleiing og oppfølging av smittesituasjonen med Covid-19
- Orientering om status for årsrekneskapen 2019
- Orientering om oppfølging av klage til KOFA
- Medlemsskap i Forum for Kontroll og Tilsyn (FKT)
- Orientering om undersøking av Telemarksforskning
- Orientering om Vestlandsrevisjon IKS
- Uavhengighetserklæring
- Framlegg til budsjett for kontrollarbeidet i 2021
- Møteplan for kontrollutvalet i 2021

## **5. Opplæring og kurs**

Kontrollutvalet hadde oppstartsmøte i desember 2019 med fokus på introduksjon og informasjon til eit nytt kontrollutval for valperioden. Varamedlemmer deltok i oppstartsmøtet.

I starten av 2020 vart det arrangert eit lokalt dagskurs av Nordhordland Revisjon og eit regionalt kurs av Vestland fylkeskommune for medlemmer i kontrollutvala i regionen. Dei fleste faste medlemmene, samt fleire av varamedlemmene deltok på kurset i Nordhordland. Leiar og nestleiar deltok på kurset arrangert av Vestland fylkeskommune.

Kontrollutvalet ser at kurs og opplæring av medlemmene er viktig, og ber om at utvalet vert prioritert til å delta i felles folkevaldopplæring og andre aktuelle kurs og samlingar når dette vert gjennomført av kommunen.

## 6. Avsluttande kommentarar

Kontrollutvalet vil takke for alle orienteringar og god kommunikasjon med administrasjonen, heradsstyret, revisjonen og sekretariatet i året som er gått.

*2. februar 2021*

*Kato Merchelsen  
Leiar i kontrollutvalet*

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

Knarvik, 25.8.23.

## Notat om status på forvaltningsrevisjon

Vi arbeider med detaljplanlegging av forvaltningsrevisjonsprosjektet samt utforming av revisjonskriterier for operasjonalisering og konkretisering av problemstillingane. Det er sendt oppstartsbrev til kommunen med framlegg om oppstartsmøte, men dette er ikkje gjennomført per no.


Det er planlagt oppstartsmøte i september, men gjennomgang av dokumentasjon og gjennomføring av intervju i september/oktober. Avhengig av møteplan og datoar vert rapporten planlagt ferdigstilt og lagt fram i siste møtet i 2023 eller første møtet i 2024.

Med helsing  
Vestlandsrevisjon IKS

Ragnhild K. Høyland  
Oppdragsansvarleg revisor

# PROSJEKTPLAN

## Eigarskapskontroll Osterøy Aktiv



24.08.2023

## Bakgrunn

Prosjektplan er utarbeidd med grunnlag i bestilling frå Kontrollutvalet i Osterøy kommune i sak 9/23 der det vart fatta følgjande vedtak:

---

### VEDTAK

1. Kontrollutvalet har følgd opp plan for eigarskapskontroll for 2020 – 2024, vedteke i heradsstyret i sak 104/20.
2. Kontrollutvalet ynskjer å bestille framlegg til prosjektplan for ein eigarskapskontroll med tema «Osterøy aktiv» hos Vestlandsrevisjon IKS
3. Prosjektplanen, med forslag til problemstillingar, framdriftsplan og timeestimat, skal handsamast av kontrollutvalet innan juni 2023.
4. Prosjektet kjem til å gå inn i neste kommunestyreperiode, og vil verta slutthandsama av nytt kontrollutval og nytt heradsstyre.

Vedtaket i Kontrollutvalet og prosjektplanen byggjer på «plan for eigarskapskontroll» vedteke av Heradsstyret i Osterøy kommune i sak 104/20 i samsvar med krava i KommuneLOVEN<sup>1</sup> § 23-4.

## Om eigarskapskontroll

Definisjonen av eigarskapskontroll følgjer av KommuneLOVEN<sup>2</sup> § 23-4 første ledd.

### **§ 23-4. Eierskapskontroll**

*Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.*

Etter KommuneLOVEN § 23-2 første ledd bokstav d skal kontrollutvalet sjå til at «det føres kontroll med forvaltningen av kommunens (...) eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)»

Revisor skal etter kommuneLOVEN § 24-2 gjennomføre eigarskapskontroll bestemt i lov eller i medhald av lov.

---

<sup>1</sup> Lov om kommuner og fylkeskommuner av 22. Juni 2018 nr 83

<sup>2</sup> Lov om kommuner og fylkeskommuner av 22. Juni 2018 nr 83

## Føremål, problemstillinger, og revisjonskriterier

### Føremål

Føremålet med eigarskapskontrollen er å undersøkje Osterøy kommune si eigarstyring av Osterøy Aktiv. Eigarskapskontrollen ser på om eigarstyringa av Osterøy Aktiv er i samsvar med prinsipp for eigarstyring i kommunen si vedtekne eigarskapsmelding. Vidare vil ein undersøkje om eigarskapet vert utført på ein måte som fremjar den selskapsspesifikke eigarstrategien og korleis selskapet opplever kommunen som eigar i høve til dette.

### Problemstillingar

1. Følgjer kommunen vedtekne prinsipp for eigarstyring ovanfor Osterøy Aktiv?
2. Utøver kommunen eigarskapet på ein måte som fremjar vedteken eigarstrategi for Osterøy Aktiv?

### Revisjonskriterium

Revisjonskriterium er dei krav, normar og/eller standardar som utøvinga av eigarskap skal vurderast opp mot. Kriteria skal vere basert på relevante lovar og forskrifter, kommunestyret sine vedtak og anerkjente prinsipp for eigarstyring. Innsamla data i eigarskapskontrollen skal vurderast opp mot revisjonskriteria og

Relevante kjelder for revisjonskriterium i samband med eigarskapskontrollen «Eigarstyring av Osterøy Aktiv» kan vere:

- Kommuneloven<sup>3</sup>
- Aksjeloven<sup>45</sup>
- Kommunen si eigarskapsmelding og prinsipp for eigarstyring<sup>6</sup>
- KS - «Anbefalinger om eierskap, selskapsledelse og kontroll»<sup>7</sup>
- NUES – «den norske anbefalingen om eierstyring og selskapsledelse»<sup>8</sup>
- Kommunale dokument og vedtak
- Selskapsdokument

---

<sup>3</sup> Lov om kommuner og fylkeskommuner av 22. Juni 2018 nr 83

<sup>4</sup> Lov om aksjeselskaper av 13. Juni 1997 nr 44

<sup>5</sup> Lov om interkommunale selskaper av 29. januar 1999 nr 6.

<sup>6</sup> Kommuneloven § 26-1

<sup>7</sup> <https://www.ks.no/globalassets/fagomrader/for-deg-som-folkevalgt/AnbefalingerEierskap2020.PDF>

<sup>8</sup> <https://nues.no/eierstyring-og-selskapsledelse/>



## Tilnærming og gjennomføring

### Metode

Etter KommuneLOven § 24-2 andre ledd skal revisor «planlegge, gjennomføre, dokumentere og rapportere sitt arbeid i samsvar med lov og forskrift og god kommunal revisjonsskikk»

Vestlandsrevisjon IKS følger «RSK 002 standard for eierskapskontroll»<sup>9</sup> vedtatt av Norges Kommunerevisorforbund ved gjennomføring av eigarskapskontrollar. Standarden definerer god kommunal revisjonsskikk for eigarskapskontroll innanfor rammene av kommuneLOven og forskrift om kontrollutvalg og revisjon<sup>10</sup>. og er basert på internasjonale prinsipp og standardar fastsett av INTOSAI og IIA.

I samsvar med god kommunal revisjonsskikk vil det bli gjennomført oppstartsmøte med administrasjonen i kommunen. Vi vil også gjennomføre oppstartsmøte med Osterøy Aktiv. På oppstartsmøte vil det bli gjort greie for bakgrunnen for eigarskapskontrollen, problemstillingar, aktuelle kriterium, informasjonsbehov og gjennomføringa av kontrollen.

Vi vil samle inn data frå ulike kjelder. Det vil bli gjennomført dokumentanalyse samt intervju med administrativt nivå i kommunen, eigarrepresentantar og Osterøy Aktiv. Alle intervju vil bli verifiserte. Innsamla data vil bli vurdert og analysert for å svare på etablerte revisjonskriterium og problemstillingane i eigarskapskontrollen.

### Gjennomføring

Oppdragsansvarleg revisor er Ragnhild K. Høyland.

Prosjektet vil starte opp i november 2023 etter val av eigarrepresentantar til Osterøy Aktiv og kan handsamast av kontrollutvalet tidleg haust 2024.

Prosjektet er estimert til 200 timar.

---

<sup>9</sup> Sist oppdatert 12.8.2020.

<sup>10</sup> Forskrift om kontrollutvalg og revisjon av 17. juni 2019 nr 904.